



REFERAT FRÅ SKULEMILJØUTVAL/DRIFTSSTYREMØTE – KLEPPE SKULE TYSDAG 20.11.19 KL.18.15 - 20.00

Tilstade: Jan-Arild Anda (FAU), Torill Bøylestad (FAU), Inghild Versland (FAU), Margareth S Roba (Pedagogisk personal), Aghdas Paya (pedagogisk personal), Sissel Håland (vara for Elin G Eskedal, anna personal), Ingeborg Stubhaug Braut (Elevrepresentant), Einar Erga (Barn og Unge) og Sylvia Gjersdal (rektor)

Forfall: Mia Trones Einarsen (Elevrepresentant), Elin G Eskedal (anna personal) og Martin Kleppe (Elevrepresentant)

Stad: Møterom ved biblioteket, personalinngong

SAKLISTE

Sak 08/19-20 Godkjenning av referatet frå 24.09.19

Vedtak: Referatet vart godkjent

Sak 09/19-20 Saman om eit trygt og godt nærmiljø

Status frå dei ulike organa. Kva har skjedd sidan sist. Plan for arbeid i krinsen.

Komiteen Kleppe har hatt to møter, 24.10.19 og 12.11.19.

Gleding- vil få til ein Gledingsdag og eit langvarig samarbeid med Siri Abrahamsen og Gleding. Det er viktig at alle elevar, personal og foreldre blir med. Skulen arbeider no med å få til dato i august for personal og i september for elevar og foreldre.

Krinsmøte-dette er viktig, men komiteen avventer dette litt. No er det hovedfokus på å få til eit Gledingssamarbeid. På kommunalt nivå skal ein og ha meir fokus på det som skjer i krinsen, vi avventer litt til felles beskjed kjem.

Fritidsaktivitetar – info. Innspel frå elevrepresentantane om å informere meir om kva fritidstilbod som finst i Klepp er gjort noko med. På heimesida er det oppdatert og fritidsaktivitetinformasjonen ligg fast øvst på FAU-sida.

Sak 10 /19-20 Skulerute Kleppe skule 2020/2021

Vedlagt ligg skuleruta felles for Klepp kommune. Start og sluttdato er vedteken i Jærskulen og kan ikkje endrast. Forslag frå skulen er å ikkje gjere endringar på elevane sine fridagar, dvs følgje kommunen si rute.

Vedtak: Driftsstyret vedtek skuleruta slik den føreligg.

Sak 11/19-20 Informasjonssaker

- Utbygging – status no
Orientering om forsinking av byggjearbeid og at kostnadane må ned. Gode drøftingar og innspel frå skulemiljøutvalet som rektor tek med vidare.
- Økonomi - status no



Skulen kjem til å kome ut med eit stort meirforbruk for 2019. Dette skuldast i hovudsak auka utgifter til personal/løn pga auka ressursbehov. I tillegg betaler no skulen for plassar på Orstad Læringscenter.

Sak 12/19-20 Aktuell info frå Elevråd, FAU, Skulen/SFO og Hovudutvalet Barn og Unge

Elevråd: Arbeider med kakesal og påmelding til Talentiade. Nye læreplanar har og vore i fokus, to frå styret var med på samling hos Fylkesmannen.

FAU: Arbeider med å revidere handboka(digitalt), Saman om et trygt og godt nærmiljø, reflekskonkurrans og lesing.

Skulen/SFO: Nasjonale prøvar, info om resultat og korleis skulen arbeider med dette. Leseprosjektet og elles mykje aktivitet. Informasjon om opptart av inkluderande barnehage og skule (frå Udr)

Hovudutvalet barn og Unge: hatt eit møte i nytt Hovudutval. Økonomibehandling.

Klepp kommune, 19.01.20

Referent
Sylvia Gjersdal
Rektor

Møteplan:

Onsdag **05.02.20 kl. 18.00-20.00**

Onsdag 01.04.20 kl. 18.00-20.00 (Skulemiljøutval)

Torsdag 11.06.20 kl. 18.00-20.00